

Styremøte i SFSG på Skei

27.09.2013

Til stades:

Ragnhild Sæle
Lars Nesse
Rune Myklebust
Lene Engvik Rasch
Kjell Olav Kusslid (1. vara)

32/13: Kva har styremedlemmane delteke på sidan sist:

Ragnhild Sæle: Møte med konsernsjefen i FK 15.08, møte med gjetarhundnemda og leiarane for gjetarhundlaga 29.08, og møte 11.09 i høve til geitedagane 2014.

Rune Myklebust: Geitedagane på Fefor 23-25 august, møte med gjetarhundnemda og leiarane for gjetarhundlaga 29.08, og møte 11.09 i høve til geitedagane 2014.

Lars Nesse: Møte i rovviltnemda i Sogndal 28.08. Her blei forvaltningsplanen for region 1 vedteke.

33/13: Økonomi Fagtur Høyanger Sørside

SFSG vil dekke utgiftane som Kyrkjebø Sau og geit hadde i høve til opplegget, då det var me som utfordra dei til å lage eit opplegg.

34/13: Søknad om økonomisk støtte i høve til fagdagen «Ny giv for sau i Stryn»

Viss SFSG skal kunne gje støtte til slike tiltak må me ha søknad i forkant, eventuelt rekneskap i etterkant. Det har me fått i dette høvet. Dette var eit godt og gjennomarbeidd arrangement som gjekk i pluss. I og med at laga ikkje sit att med tap, gjekk me inn ikkje inn med stønad denne gongen.

35/13: Oppnemning av ny gjetarhundnemd

Vi vedtok formelt at Gjetarhundnemda skal bestå av leiarane i dei tre gjetarhundlaga, samt ein frå SFSG sitt styre. Styremedlemmen frå SFSG skal vere leiar i Gjetarhundnemda. Eva er den i styret som har fokus på gjetarhund, men ynskte ikkje å sitje i nemda. Ragnhild Sæle ble vald i staden. Nemda består av:

Kurt Magne Fardal: Indre Sogn
Svein Heggebø: Sunnfjord
Ailen Skogeng: Nordfjord
Ragnhild Sæle: frå styret i SFSG

36/13: Geitedagane 2014

Rune orienterte frå oppstartmøte 11.09:

- Desse deltok: Randi Erdal frå fylkesmannen, Odd Fauske og Helga Kvamsås frå TINE, Ragnhild Sæle og Rune Myklebust frå Sogn og Fjordane Sau og Geit.
- Det var semje om å arrangere Geitedagar her i fylket, 22 – 24 august 2014. Stad: Sogndal Hotell, Skei Hotell eller Alexandra Hotell i Loen.
- Det blei oppretta ei arbeidsgruppe med ansvar for Geitedagane: Randi Erdal (frå fylkesmannen), Sigurd Vikesland (NSG), Ola Søgnesand (TINE) , sekretær, Møre og Romsdal Sau og Geit, Rune Myklebust frå SFSG (leiar)

37/13: Framlegg til kandidat til gjetarhunderådet

Me føresler Sander Hindenes, Hordaland. Lene sender svar til NSG.

38/13: Framlegg til kandidat frå Sogn og Fjordane til regionutvalet for ny dommarordning

Me føresler Magnus Grimeland, Raudeberg. Lene sender svar til NSG.

39/13: Ullinnsamling Nortura/ Fatland

Saka dreier seg om korleis/ til kven pengane for ullinnsamling blir fordelt ifrå slakteria. Me treng meir informasjon om dette, og utset saka til neste møte. Lene skjekkar opp i sentralavtale mellom NSG og slakteria.

40/13: Leiarsamling 2013

Me diskuterte programmet til leiarsamling. Me jobbar med å få til felles transport til Sæbø. (Ørsta). Den planlagte båtturen på fjorden blei kutta ut, då den var for dyr. Jordbruksforhandlingane blir eit viktig tema, og avlsvalet og geitegruppa skal kome med innspel/ stikkord til diskusjon.

41/13: Ymse

- Kåring: Alle som kårar må vere medlem i NSG.
- Fadderordninga: Få dette tydelegare framme på heimesida.
- Geitehelg 23-24 november.
- Ragnhild er invitert til å vere med på bondelagsmøte.
- Sau i pluss: Lene skal etterlyse svar på brevet me sende fylkesmannen.
- Rovdyr: Me diskuterte eit TV-innslag kor bøndene blei sett i eit dårleg lys i høve til rovdrytap kontra andre dødsårsakar. Mogleg falsk dokumentasjon. Lars skjekkar opp i dette.

Ref. Lene Engvik Rasch